



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Kommunestyret	28.09.2010	055/10	RY

Avgjerd av: Saksansv.: Randi Ytrehus	Arkiv: K1-	Arkivsaknr.: 10/1520
--	----------------------	--------------------------------

Regelverk på hjelpemiddelområdet

Dokumentliste:

- Kortversjon NOU 2010:5. Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering.
- Uttale frå Noregs Handikapforbund
- Handsaming av saka i Funksjonshemmarådet, sak 005/10.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

NOU 2010:5. Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering.

Kva saka gjeld:

Høyringsvar til NOU 2010:5.

Bakgrunn for saka/saksutgreiing:

I juni 2010 vart norske kommunar invitert til å gje høyringsuttale til NOU 2010:5.

Regjeringa Stoltenberg II oppnemnte ved kongeleg resolusjon 25. april 2008 eit utval som fekk i mandat å føreta ein heilskapleg gjennomgang av forvaltning, organisering og finansiering på hjelpemiddelområdet. Føremålet var å få ei vurdering av moglege langsiktige grep som kunne gje effektive og langvarige kvalitets- og kompetanseforbetringar i systemet for formidling og forvaltning av hjelpemidlar med sikte på å gje brukarane av hjelpemidlar auka meistring og livskvalitet. 4 mai 2010 la utvalet fram si innstilling.

Ordninga i dag er heimla i Folketrygdlova og hjelpemidla til brukarar med varige nedsett funksjonsevne vert finansiert av staten. Kommunane har finansieringsansvar for hjelpemidlar der behovet er mellombels. NAV Hjelpemiddelsentralen i fylka har spesialkompetanse på området og samarbeider tett med kommunalt personell. Finansieringsansvaret for hjelpemidlar til bruk i skule og barnehage vart overført frå kommune til stat i 1997.

Staten finansierer hjelpemidlar til heimebuande – også i omsorgsbustader, men ikkje bebuarar i institusjon som til dømes sjukeheimar. For bebuarar i sjukeheimar er finansieringsansvaret lagt til den einskilde kommune.

Det overordna målet med hjelpemiddel er at menneske med nedsett funksjonsevne skal ha høve til aktiv deltaking, likeverd og inkludering på linje med andre borgarar.

Måla er formulert i St. meld. nr. 40 (2001-2002):

- Brukaren skal få rett løysing til rett tid.
- Brukaren skal verte møtt av fagfolk med tilfredsstillande kompetanse, og få det same tilbodet uavhengig av kvar ein bur.
- Kommunen skal ha hovudansvaret for, og vere den viktigaste koordinerande aktør i hjelpemiddelformidlinga. Kommunen skal få bistand frå hjelpemiddelsentralane på områder der dei ikkje har tilstrekkeleg kompetanse.

I Bremanger kommune har vi ein ergoterapeut og ein sjukepleiar som særskilt arbeider med hjelpemiddel. Desse har ein koordinerande funksjon mellom brukarar og Hjelpemiddelsentralen i Sogn og Fjordane. Kommunen tek også imot, leverer ut til brukarar og returnerer hjelpemiddel til hjelpemiddelsentralen.

Nærare 2/3 av brukarane av hjelpemiddel er over 67 år. 53% av brukarane som har hjelpemidlar på utån gjennom hjelpemiddelsentralane (ca. 386 248 pr. 01.01.2009) er over 67 år. Dersom den forventa demografiske utviklinga slår til, vil det vere 40% fleire brukarar av hjelpemiddel i Noreg i 2030. I NAV-reforma er eit av dei tre hovudmåla å få fleire i arbeid og aktivitet, noko som også fører til auke i bruk av hjelpemiddel. I tillegg til dette fører teknologisk utvikling til betre og fleire tilgjengelege hjelpemiddel. Til saman fører desse momenta til at behov for hjelpemiddel aukar framover.

For å nå måla skisserer utvalet 5 reformbehov:

1. Behovet for auka omsyn til brukar, større valfridom og forenkling.
2. Behovet for eit meir robust og fleksibelt system i lys av den demografiske utviklinga, endringar i sjukdomsbiletet og den teknologiske utviklinga.
3. Behovet for harmonisering av virkemiddel for å oppnå meir heilskapleg løysningar.
4. Behov for betre arbeidsretting av virkemidlar på hjelpemiddelområdet - fleire med funksjonsnedsettingar i arbeid og utdanning.
5. Behov for eit kompetanseløft, satsing på forskning og utvikling samt innovasjon.

Utvalet foreslår følgjande justering av ordninga:

- Ansvar for forvaltning og formidling av hjelpemiddel og tilrettelegging i arbeidslivet vert eit statleg ansvar som i dag, men vert foreslått harmonisert med anna regelverk og Arbeids- og velferdsetaten sine virkemiddel for arbeidsinkludering og å hindre utstøying frå arbeidslivet.
- Ansvar for forvaltning og formidling, her under finansiering av basishjelpemidlar i dagleglivet, mellom anna innan skule og omsorg vert overført til kommunane. Ansvar for utstyr til trening, stimulering og leik vert overført til kommunane og aldersgrensa for dette vert oppheva. Ansvar for tilskot til opplæringstiltak i dagleglivet vert overført til kommunen og spesialisthelsetenesta (avheng av ei vurdering av ansvarsplassering).

- Ansvar for forvaltning og formidling av øvrige hjelpemiddel, herunder dyrare hjelpemidlar og hjelpemidlar som krev spesialtilpassing vert eit statleg ansvar også framover.
- Ein flyttar ansvaret for trappeheis og løfteanordningar frå Hjelpemiddelsentralen til Husbanken.

For å gjere endringane føreset utvalet at kommunane har kompetanse og ressursar til å overta ansvaret. Dei set som eit mål at å gje kommunane eit større ansvar vil føre til reduksjon av skiljet mellom mellombels og varig behov for hjelpemiddel, noko som er grunnlaget for kommunal og statleg finansiering i dag.

Brukarundersøkingar viser at jo yngre brukarar av hjelpemiddel er og jo meir kompleks behovet er, jo mindre nøgde er brukarane med hjelpemiddelforvaltninga. Utvalet skriv at ved å auke ansvaret for hjelpemidlar til kommunane vil ein avlaste hjelpemiddelsentralane som då kan gje eit betre tilbod til brukarar med komplekse behov.

Vurdering:

Justeringane inneber eit sterkare sektoransvar, men samstundes splitta til fleire sektorar som mellom anna arbeidsmarknadsetat, hjelpemiddelsentral, spesialisthelseteneste, kommunal omsorgsteneste, skule og barnehage. Ein kan sjå føre seg at dette kan føre til eit auka behov for koordinering av ordningane. Det vil vere ei utfordring for ei kvar kommune å handtere dette på ein god nok måte.

Utvalet si tilråding om å overføre eit heilskapleg ansvar for basishjelpemidlar til kommunane fører til behov for ei forsterka satsing på kompetanse i 1. linja.

Utvalet vurderer at dersom kommunen får eit auka ansvar, vil hjelpemiddelsentralane få avlastning slik at dei kan gje eit betre tilbod til brukarar med komplekse behov. Kva skal Bremanger og andre kommunar gjere mindre av slik at ein kan ta over arbeidet frå hjelpemiddelsentralane?

Området er komplekst, og vert stadig meir komplekst.

Kva er basishjelpemidlar og kva er spesialtilpassa hjelpemidlar? Ein vurderer det slik at det kan vere gråsoner som kan føre til uklare ansvarstilhøve mellom to ulike nivå, stat og kommune. Dette trass i at ein tek sikte på å ha klare ansvarslinjer. Ein konsekvens av dette kan vere at brukarane ikkje får rett løysing til rett tid.

Oppsummering av konsekvensar for Bremanger kommune:

Utfordringar i høve:

- Rekruttering av kompetanse.
- Finansiere hjelpemiddel
- Opplæring.
- Meir sakshandsaming
- Halde lager av hjelpemidlar.
- Logistikk.
- Til alle punkta er det knytt økonomiske utfordringar for kommunen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bremanger kommune sluttar seg til vedtaket til Funksjonshemmarådet i Bremanger:

”FHR Bremanger sluttar seg til forslag til innstilling frå NHF:

Kommunen meiner at retten til hjelpemidlar framleis skal ligge til Folketrygdlova med statleg finansieringsansvar. Dette vil sikre dei funksjonshemma tilgang til hjelpemidlar på alle livsområdar og gje dei høve til å leve eit sjølvstendig liv. Dei økonomiske utfordringane kommunane står ovanfor gjev lite rom for nye omfattande oppgåver på dette området. Retten til hjelpemidlar vil vere avhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi.”....

2. Bremanger kommune føreslår at staten styrkar kommene økonomisk, og med det gjer desse betre i stand til å fremje dei politiske måla om at brukaren skal verte møtt av fagfolk med tilfredsstillande kompetanse som koordinerer hjelpemiddelformidlinga på ein betre måte framover.

.....

28.09.2010 Kommunestyret

KST-055/10 Vedtak:

1. Bremanger Kommunestyre meiner at retten til hjelpemidlar framleis skal ligge til Folketrygdlova med statleg finansieringsansvar. Dette vil sikre dei funksjonshemma tilgang til hjelpemidlar på alle livsområdar og gje dei høve til å leve eit sjølvstendig liv. Dei økonomiske utfordringane kommunane står ovanfor gjev lite rom for nye omfattande oppgåver på dette området. Retten til hjelpemidlar vil vere avhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi.

2. Bremanger Kommunestyre føreslår at staten styrkar kommunane økonomisk, og med det gjer desse betre i stand til å fremje dei politiske måla om at brukaren skal verte møtt av fagfolk med tilfredsstillande kompetanse som koordinerer hjelpemiddelformidlinga på ein betre måte framover.



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Funksjonshemmarådet	13.09.2010	005/10	DB

Avgjerd av: Saksansv.: Dagrunn Briksdal	Arkiv: K2-F12	Arkivsaknr.: 10/1448
--	------------------	-------------------------

”Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering” systemskifte innan hjelpemiddelordningane

Dokumentliste:

NOU 2010:5, kortversjon

Sak til kommunale råd for funksjonshemma frå NHF

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Folketrygdlova

Kva saka gjeld:

Systemskifte innan hjelpemiddelordningane

Bakgrunn for saka:

Eit ekspertutvalg nedsett av regjeringa har foreslått mange endringar innan hjelpemiddelordningane. Utvalet foreslår at retten til hjelpemidlar blir tatt ut av Folketrygdlova og at mykje av dagens statlege ansvar blir overført frå stat til kommune, finansiert gjennom rammetilskotet til kommunane.

Innstillinga frå utvalet er sendt ut til høyring med frist 15. oktober.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

FHR Bremanger slutter seg til forslag til innstilling frå NHF:

Kommunen meiner at retten til hjelpemidlar framleis skal ligge til Folketrygdlova med statleg finansieringsansvar. Dette vil sikre dei funksjonshemma tilgang til hjelpemidlar på alle livsområde og gje dei høve til å leve eit sjølstendig liv. Dei økonomiske utfordringane kommunane står overfor gjev lite rom for nye omfattande oppgåver på dette området. Retten til hjelpemidlar vil vere avhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør heller forbedre formidlinga av hjelpemiddel ved å medvirke til å styrke ergoterapi- og rehabiliteringstilbodet i kommunane samt styrke vaktmeistertenesta for reparasjon av hjelpemidlar.

.....

13.10.2010 Funksjonshemmarådet

FHR-005/10 Vedtak:

Samrøystes som tilråding frå rådmannen

.....